Luster kommune

Informasjonsskriv frå Stova september 2020

Tilbakeblikk frå august
Oppstarten av nytt barnehageår har gått fint, me jobbar framleis med å verte kjende med kvarandre, verte trygge og skape gode relasjonar. Tryggleik er avgjerande for vidare læring og utvikling. Me har vore ein del inne og ute rundt Stova, men på slutten av august besøkte med også dei andre avgrensa uteområda rundt barnehagen. Nokon av borna har vore på tur.

De er blitt gode på smittevern. Fint at sysken ventar på trappa/yttergang og at det berre er to familiar i garderoben samstundes. Legg lunsjboksane i kassen ved oppslagstavla, dette for å minske kven som tek i kjøleskapshandtaket. De skal ha skryt for at de er gode på å hjelpe borna med handvask når de kjem om morgonen – forset slik!

Plan for september
5-13 september er det "Friluftslivet si veke"; me vil bruke nærmiljøet vårt og utforske naturen saman med borna.

I veke 38 er det Brannvernveke. Me vil da ha både varsla og uvarsla brannøvingar i barnehagen. Fint om de gir beskjed dersom borna har reagert på brannvarslar eller høge lydar tidlegare. Me kjem til å snakke litt om kva me skal gjere dersom det brenn, lage plakat knytt til brann, og syngje songar. Kanskje får me besøk av brannbilen!

I oktober startar det ein ny gut på Stova, vi har derfor satt opp leikegrupper til nytt barn nokre tysdagar i september.

Minner om facebooksida til Stova: **«Stova-Barnehageåret 2020/2021»,** de må spørje om å få bli medlem. Gamlestova har også ei gruppe forbehaldt føresette **«Gamlestova Barnelag/FAU ved Gamlestova barnehage».**

Det blir foreldremøte i september, de vil få nærare informasjon om dette.

Vi går ei kaldare tid i møte. Sjekk derfor kassane reglemessig for byttetøy, riktig uteklede og skotøy.

Veke 41 er det haustferieveke, fint om de gjer beskjed dersom bornet skal ha fri.

Spør gjerne dersom det er noko de lurar på!

Helsing Elin, Hildegunn & Lise☺